





# Rovviltnemnda i region 1

Vestland, Rogaland og Agder

Rovviltnemnda  
Adresseliste

Dykkar ref:

Vår ref.:  
2021/7992

Arkivnr.:

Dato:  
10.06.2021

Vedtak lisensfelling av jerv og ulv i rovviltregion 1 for 2021 - 2022

## Deltakarar

Frå rovviltnemnda: Aleksander Øren Heen, Trude Brosvik, Hanne Marte Vatnaland og Beate Marie Johnsen. Forfall: Sigbjørn Framnes.

Saksframlegg ligg i protokollen frå møtet.

## **Sak 06/21: Lisensfelling av jerv og ulv.**

Lisensfelling jerv 2021 – 2022. Samrøystes vedteke.

*1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2021 – 15.02.2022. Til saman kan det fellast 8 jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.*

*2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:*

*- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.*

*- Felt dyr skal straks meldast til Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt pliktar å melde frå straks til Statsforvaltaren og næraste politimynde. Statsforvaltaren avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.*

Postadresse:  
Rovviltnemnda i region 1  
c/o Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:  
Aleksander Øren Heen  
Naddvik, 6885 Årdalstangen  
Telefon: 91134842

Sakshandsamar:  
Hermund Mjelstad  
Telefon 57643124

Aleksander.Heen@vlfk.no  
<http://www.statsforvaltaren.no/vl>

[fmsfhm@fylkesmannen.no](mailto:fmsfhm@fylkesmannen.no)

Rovviltnemnda region 1  
<https://prosjekt.fylkesmannen.no/Rovvilt-nemnda-region-1/>

- Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

- Det er høve til bruk av båe til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Statsforvaltaren.

- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

- Statsforvaltaren administrerer lisensfellinga

### **Sak 06/21: Lisensfelling av jerv og ulv.**

Lisensfelling ulv 2021 – 2022. Samrøystes vedteke.

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av ulv i perioden 01.12.2021 – 31.05.2022. Til saman kan det fellast **3 ulv** i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Statsforvaltaren og næraste politimynde. Statsforvaltaren avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

-Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

-Statsforvaltaren administrerer lisensfellinga.

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Med helsing

Aleksander Øren Heen  
leiar for rovviltnemnda for region 1  
Tlf. 91134842

Kopi pr. e-post:

Naturvernforbunda i fylka i region 1

Foreningen våre rovdyr

WWF Norge

Norges Miljøvernforbund

Statens Naturoppsyn Vestland

Statens Naturoppsyn Rogaland og Agder

Statsforvaltarane i region 1

Klima- og miljødepartementet

Miljødirektoratet

Mattilsynet region sør og vest

Sogn og Fjordane sau- og geit

Vest-Agder sau- og geit

Rogaland sau- og geit

Hordaland sau- og geit

Agder Bondelag

Rogaland Bondelag

Vestland Bondelag

Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag

Hordaland bonde- og småbrukarlag

Rogaland bonde- og småbrukarlag

Vest-Agder bonde- og småbrukarlag

Studietur for rovviltnemnda i region 3 til Stor-Elvdal og Ringebru  
19. og 20. august 2021

Tid	Sted	Tema	Vi møter	Googlemap
19. aug				
Kl. 08.00	Lillehammer	Avreise -Nordseter, Sjusjøen, Øvre Åstbru, Evenstad		75 km/2 t 15 min
Kl.10.15	HINN/Evenstad	Kort omvisning og orientering om studier/forskning	Evenstad og rovviltregion 5/Hedmark	
Kl. 11.00	Evenstad	Lunsj og møte med region 5.		
Kl.12.15	Avreise frå Evenstad			65 km/1 t 15 min
Kl. 13.30	Skjerdingsel/Storfjellet beitelag	Møte med Storfjellet beitelag og landbruksforvaltning i Stor-Elvdal m.fl. Tiltak og erfaringsutveksling. Orientering frå SNO m.fl Kaffe og enkel matbit	Landbruksforvaltningen i Stor-Elvdal beitelagsledere i Stor-Elvdal, Rovviltkontakt/SNO Medlemmer i region 3 og region 5	
Kl. 15.30	Avreise frå Storfjellet	Avreise – til Sollia-Enden-Ramshytta		50 km/1 time
Kl. 16.30	Ramshytta – gjeterbu og sankekve	Møte med Ramshytta beitelag og landbruksforvaltning i Ringebru m.fl. Tiltak og erfaringsutveksling. Orientering frå SNO m.fl. Kaffe og påsmurt	Landbruksforvaltningen i Ringebru, beitelagsledere i Ringebru, Rovviltkontakt/SNO, Medlemmer i region 3 og region 5	
Kl. 18.30	Avreise frå Ramshytta			20 km/30 min
Kl. 19.00	Spitsbergseter			
Kl. 19.30	Spitsbergseter	Middag og overnatting region 3		
20. aug				
Kl. 09.00	Spitsbergseter	Møte i rovviltnemnda		40 km/30 min
kl. 11.30	Spitsbergseter	Lunsj og avreise		
Kl. 13.30	Lillehammer			

Deltakere:

Skjåk kommune  
Moavegen 30  
2690 Skjåk

Trondheim, 30.07.2021

Deres ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2020/2150

Saksbehandler:  
Anders Braa

## Svar på tverrpolitisk innspel på jervebestand i Skjåk

Vi syner til tverrpolitisk innspel om forvaltning av jerv frå Skjåk kommune av 8. juni 2021.

Direktoratet er samde i at det er store utfordringar i å kombinere beitebruk med ynglande bestandar av jerv i dei samme områda. Det er krevjande å finne den rette balansen mellom dei ulike omsyna gjennom bruk av verkemiddel som felling og andre førebyggjande tiltak. Skjåk kommune er innafor område som er prioritert for jerv i forvaltningsplanen for rovvilt i region 3.

Vi vil understreke at lisensfelling er rette verkemiddelet for bestandsregulering. Skadefelling, inkludert ekstraordinære uttak, er tiltak som i all hovudsak er knytt til avverging av akutt og framtidig skade. Når det er sagt vil terskelen for uttak vere lågare når bestanden ligg over målet enn når den ligg under.

I brevet er det mellom anna stilt spørsmål om krav til dokumentasjon for å fastslå yngling av jerv. Det er Rovdata som har ansvar for det nasjonale overvåkingsprogrammet for rovvilt, mellom anna metodikk for registrering av dei ulike artane. Overvakinga av jerv er svært god i landet, noko som mellom anna blir reflektert gjennom godt samsvar mellom bestandsestimat ut frå to ulike metodar: hiregistreringar og fangst-gjenfangst av DNA. Statens naturoppsyn er feltapparatet i overvakinga, og dei nyttar dei hjelpemiddel som er naudsynte for å gjennomføre registreringane.

Så langt i år er det registrert 8 ynglingar av jerv i region 3, av desse 2 i Skjåk kommune. 2 ynglingar er tatt ut av Statens naturoppsyn, 1 i Ringebu og 1 i Lesja kommune. Endeleg oversikt over talet på ynglingar i landet vil bli publisert av Rovdata i oktober.

Helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent*

Morten Kjørstad  
Fung. direktør

Anders Braa  
fung. avdelingsdirektør

Statsforvalteren i Innlandet	Postboks 987	2604	LILLEHAMM ER
Roviltnemnda i region 3	Postboks 987	2604	LILLEHAMM ER